



ER DU HØRSELSHEMMA OG SKAL SØKJE VIDAREGÅANDE SKULE/LÆREBEDRIFT?

Søknad vgs

•Søknad:

- Frist for søknad etter fortrinnsrett og etter individuell behandling 1. februar. For meir informasjon: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak/>
- Skulen/ OT kan hjelpe med søknadsprosessen
- Ordinært inntak 1.mars. Søk via www.vigo.no

Vedtak om skuleplass

•Vedtak om skuleplass

- For elevar som søker etter fortrinnsrett: vedtak om inntak kjem i mai. Skulen har fått dokumentasjon og informasjon om tilretteleggingsbehov.
- For søkjarar etter individuell behandling og for 1.mars-søkjarar (ordinær søknad) kjem vedtak om inntak i byrjinga av juli.
- 1.mars-søkjarar sender informasjonsskjema om tilretteleggingsbehov til Inntakskontoret innan 15.juni.

Teknisk utstyr

•Hørselstekniske hjelpemidlar

- Har du lytteutstyr (hørselstekniske hjelpemidlar) frå NAV Hjelpemiddelsentral? Kontakt skulen din i god tid om behov for flytting av utstyr og eventuelt om endra behov (t.d. ny skule, ny klassestorleik, nye apparat).
- Har du behov for nye hørselstekniske hjelpemidlar til skule og/eller læreplass? Ta kontakt med skulen du skal starte på. Dersom du er lærling/lærekandidat: ta kontakt med Fagopplæringskontoret .
- Treng du nye høyreapparat - ta kontakt med Høyresentralen i fylket ditt.
- Treng du teiknspråktolk i opplæringa/på læreplassen? Informer om det i søknaden om skuleplass eller læreplass.

Planlegg skulestart/ læreplass

•Overføringsmøte og tilrettelegging

- Skulen du har fått plass på kallar etter behov inn aktuelle instansar til overføringsmøte før skulestart for å drøfte tilretteleggingstiltak.
- OT/PPT, SAPT og/eller Statped kan gi råd om tilrettelegging og kompetansebygging på skulen. Skulen tar kontakt med aktuell instans.
- Den vidaregåande skulen du skal starte på har ansvar for tilrettelegging av opplæringa.
- Fagopplæringa har ansvar for tilrettelegging på læreplassen.

Skulestart/
Læreplass-start

•Skulestart

- Kontroller før skulestart/start på læreplass at skulen/arbeidsplassen har fått på plass teknisk utstyr. NAV Hjelpemiddelsentral kan hjelpe med dette.

PPT = Pedagogisk Psykologisk Teneste, OT=Oppfølgingstenesta, SAPT = Syns- og Audiopedagogisk Teneste, Statped = Statleg spesialpedagogisk teneste, Inntakskontoret = Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga.